



Fiskesesongen i Uskedalselva blir ikkje endra. Ørnulf Myklebust og alle dei andre entusiastane kan fiska som før. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fylkesmannen i Hordaland har vedteke ny forskrift for fiske av laks og sjøaure for 2008/2012, og det blir kutt i fisketidene i dei fleste vassdraga. Men i Kvinnherad-elvane blir det inga endring av fiskesesongen.**

**Det betyr at fisketida for Uskedalselva blir som før frå 15. juni til 15. september, som for Æneselva og Bondhuselva, stadfestar miljøvernavdelingen hos fylkesmannen..**

Blåelva og Omvikelva får framleis fisketid frå 15. juli til 15. september. I Rosendalselvane blir fiske etter sjøaure tillete frå 1. juli til 15. september medan fiske etter oppdrettslaks og regnbogeaure blir tillete i fisketida etter sjøaure etter nærare reglar utarbeidd av fiskerettshavarane.

I tråd med retningslinene er det opna for lokal forvaltning. Det vil seie at fagråd og/eller grunneigarlag kan kome med framlegg til alternative måtar å redusere uttaket av fisk på i staden for innkorting av fisketida.

Fylkesmannen minnar om rettshavarane sitt ansvar for å vurdere om det er naudsynt med ytterlegare innskrenkingar i uttaket av fisk, særleg i dårlege år. Det er og sers viktig at rømd oppdrettslaks vert fjerna frå gyteplassane i størst mogeleg grad.

Fylkesmannen arbeidar for at laksoppdrettsnæringa skal ta ansvar for dette arbeidet. Om det vert for høg andel rømd laks i elvane, må fisket kortast inn ytterlegare for å halda ein høgast mogeleg andel villaks under gytinga.

Av Ola Matti Mathisen